

- Rettsmøtedrag:** 08.03.2007
- Stad:** Stord hotell, Leirvik i Stord
- Sak nr.:** 1210-2003-0002 Stord Fjellsameige
- Saka gjeld:** Krav om grensegang/rettsutgreiing etter jordskiftelova § 88
- Jordskiftedommar:** Knut Skiple
- Protokollførarar:** Avd. ing. Kjell Bjarte Tveite, avd. ing. Sigurd Huglen
- Saka er kravd av:** Styret i Stord fjellsameige
- Til handsaming:**
- 1 Gjennomgang av kravet
  - 2 Avklaring av partstilhøve
  - 3 Vidare framdrift i saka
- Partar:** Sjå eiga liste
- Eigedomane ligg i Stord kommune.
- Til stades:** **STORD**  
Eigar av gnr. 4/2 i Stord, Nils John Mehammer, Mehammer, 5414 STORD  
Eigar av gnr. 5/3 i Stord, Sunnhordland Kraftlag As, Lønningsåsen 2, 5417 STORD v/Kjell Stalheim  
Eigar av gnr. 6/2 i Stord, Reinert Johannes Agdestein, Agdestein, 5414 STORD  
Eigar av gnr. 6/3 i Stord, Johannes Øverland, Rundhaugvegen 44, 4250 KOPERVIK  
Eigar av gnr. 6/4 i Stord, Gunnar Agdestein, Amliev 1, 5416 STORD

Eigar av gnr. 9/8 i Stord, Berit Lunde Grov, Grov, 5414 STORD, v/Jon Olav Grov m/fullmakt

Eigar av gnr. 12/2 i Stord, Per Arild Eskeland, Eskeland, 5414 STORD

Eigar av gnr. 15/6 i Stord, Johannes Njøsén, Haugland, 5414 STORD

Eigar av gnr. 17/3, 18/2 i Stord, Per Harald Lunde, Lunde 50, 5414 STORD, v/Olaf Økland m/fullmakt

Eigar av gnr. 17/4 i Stord, Tom Inge Engelsen, Lundemannsverk 46, 5414 STORD

Eigar av gnr. 18/4 i Stord, Åsa og Per Arvid Rygg, Lunde 98, 5414 STORD

Eigar av gnr. 18/11, 19/5, 25/1, 27/11, 27/15, 29/7, 33/1, 39/5, 40/2, 57/1 i Stord, Stord kommune, v/fullmektige

Eigar av gnr. 23/1 i Stord, Jostein Økland, Øklandsvegen 36, 5414 STORD

Eigar av gnr. 23/4 i Stord, Sissel Kristine Gravdal, Øklandsvegen 51, 5414 STORD, v/Holger Andreas Gravdal m/fullmakt

Eigar av gnr. 23/43 i Stord, Knut Egil Lekven, Hystadv 60, 5416 STORD, v/Eirik Lekven m/fullmakt

Eigar av gnr. 26/7 i Stord, Malvin Handeland, Hystadvegen 127, 5416 STORD

Eigar av gnr. 26/9 i Stord, Ingjerd Ragnhild og Kjell Brønstad, Vardesvingen 60, 5141 FYLLINGSDALEN

Eigar av gnr. 26/10 i Stord, Torstein Hystad, Haukelandsv 38 D, 5096 BERGEN

Eigar av gnr. 27/1 i Stord, Kjell Håvard Sævareid, Gravarsbråtet 23, 4327 SANDNES

Eigar av gnr. 28/3 i Stord, Randi Lekven, Ådlandsvegen 175, 5416 STORD, v/Eirik Rekven m/fullmakt

Eigar av gnr. 28/8 i Stord, Magne Grøsvik, Ådlandslio 90, 5416 STORD

Eigar av gnr. 29/1 i Stord, Vigdis Vatne, Vatna, 5414 STORD, v/Norvald Vatne m/fullmakt

Eigar av gnr. 29/2, 29/25 i Stord, Anny Dårdy Vatna Selvåg, Vatna, 5414 STORD, v/Håvard Selvåg

Eigar av gnr. 29/4, 29/5 i Stord, Anne Guri Vatna Bjørnbakk, Vatna, 5414 STORD

Eigar av gnr. 30/1, 55/5 i Stord, Anders Valvatne, Øvre Økland, 5414 STORD

Eigar av gnr. 31/1, 32/4 i Stord, Per Ole Dahle, Dale, 5415 STORD

Eigar av gnr. 31/2 i Stord, Ingar Egil Isdal, Isdalsvegen 58, 5415 STORD

Eigar av gnr. 31/11, 32/1 i Stord, Astrid Dale, Dale, 5415 STORD, v/Sæbjørn A. Dale m/fullmakt

Eigar av gnr. 35/3 i Stord, Jan Olav Aadland, Kannelønning, 5415 STORD

Eigar av gnr. 36/2 i Stord, Svanhild Stuve, Stuve, 5415 STORD

Eigar av gnr. 39/1, 41/3 i Stord, Olav Høyland, Høylandsv 46, 5412 STORD

Eigar av gnr. 39/3 i Stord, Tørres Bjelland, Bjellandsv 106, 5411 STORD

Eigar av gnr. 44/4 i Stord, Åshild Vestbøstad Bjelland, Komediebakken 9, 5010 BERGEN

Eigar av gnr. 44/11, 44/27 i Stord, Kjell Kristian Dahl, Lauvdalen 26, 5411 STORD

Eigar av gnr. 44/27 i Stord, Hogne Dahl, Krono 26, 5411 STORD  
Eigar av gnr. 52/1, 52/8 i Stord, Ole Gjermund Digernes, Digernes, 5412 STORD  
Eigar av gnr. 54/1 i Stord, Marie og Ulf Skogvold, Sætravikvegen 115, 5410 SAGVÅG  
Eigar av gnr. 56/4 i Stord, Ann Helen Ersland, Eversvik, 5685 UGGDAL  
Eigar av gnr. 57/2 i Stord, Nils André Myhre, Nysæterneset 73, 5410 SAGVÅG  
Eigar av gnr. 58/5 i Stord, Ansgar Vikanes, Vikanesvegen 178, 5410 SAGVÅG  
Eigar av gnr. 59/2 i Stord  
Eigar av gnr. 62/8 i Fitjar, Olav Edvin Tidslevoll, Bjørnvik 35, 5410 SAGVÅG  
Eigar av gnr. 63/9 i Stord, Helena Dalen, 5419 FITJAR, v/Kristoffer Dalen (overtatt)  
Eigar av gnr. 63/10, 63/11, 63/12, 63/14, 63/15 i Stord, Nils Inge Rimbereid, Tveita, 5419 FITJAR

### ***FITJAR***

Eigar av gnr. 54/3 i Fitjar, Lars Rydland, 5419 FITJAR  
Eigar av gnr. 54/4, 54/8, i Fitjar, Nils Rydland, 5419 FITJAR, v/Karl Andre Rydland m/fullmakt  
Eigar av gnr. 54/9, 54/18 i Fitjar, Harald Rydland, 5419 FITJAR  
Eigar av gnr. 59/4, 59/12 i Fitjar, Gisle Vik, Vik Søre, 5419 FITJAR  
Eigar av gnr. 59/14 i Fitjar, Jo Kjetil Strand, 5419 FITJAR, v/Kristoffer Dalen m/fullmakt  
Eigar av gnr. 61/3, 61/10 i Fitjar, Kristoffer Dalen, 5419 FITJAR  
Eigar av gnr. 62/8 i Fitjar, Olav Edvin Tidslevoll, Bjørnvik 35, 5410 SAGVÅG  
Eigar av gnr. 62/3, 62/23 i Fitjar, Reidar Kloster, 5419 FITJAR

**Dei andre partane var lovleg innkalla, men møtte ikkje.**

---

På spørsmål hadde ingen merknader til innkallinga til møtet eller til måten retten var samansett på.

Jordskiftedommaren gjorde greie for hovudreglane i domstolslova §§ 106 - 108.  
Ingen kjende til noko som kunne tilseie at jordskiftedommaren var inhabil

Jordskiftedommaren gjorde greie for at føremålet med munnleg saksførebuing er å avklarte partstilhøva og å få oversyn over dei problema som ein ønskjer å få løyst. Dommaren gjorde merksam på at det ikkje blir teke realitetsavgjerder i dette møtet.

Partslista vart gjennomgått.

Tørres Bjelland tok opp at fleire enn dei som står på partslista meiner seg berettiga i sameiga. Må ha lysing i lokalavis før neste møte.

Det vart opplyst at desse sit i styret for Stord fjellsameige:

Jarle Agnar Helland (formann), Torstein Haugland, Hogne Dahl, Øyvind Lothe, Per Arild Eskeland

Jakt: Bjørn Furre og Stig Almås

### **Følgjande dokument vart framlagde:**

---

1. Krav om grensegang/rettsutgreiing, datert 17.01.2003 og underskrive av 6 grunneigarar.  
Vedlagt:
  - a. Liste over grunneigarar i Morkenes allmenning og Rydland.
  - b. Kartutsnitt
  - c. Utgreiing om kravet.
  - d. Liste over tilgrensande grunneigarar.
  - e. Rettsbok sak 38/1980, Sunnhordland jordskifterett
  - f. Liste over medeigarar i Stord fjellsameige.
  - g. Kart
  - h. Kart
2. Kvittering og forkynning for motteke krav om jordskiftesak, vedlagt partsliste og vedlegg c ovanom.
3. Skriv til saka frå Knut Rimbereid vedk. nokre bruk under gnr. 63, datert 24.03.2003.
4. Skriv til Leif Onarheim, datert 27.03.2003.
5. Forkynning av saka for tre grunneigarar, datert 23.04.2003.
6. Melding til Stord og Fitjar kommune om kravd grensegangs sak, datert 19.08.2003.
7. Overføringsskriv til Indre Hordaland jordskifterett, datert 23.08.2003.
8. Melding til partane om at saka er overført, datert 03.09.2003.
9. Storskifte, Stord – Fitjar, 1888 – 1911.
10. Innkalling til saksførebuande rettsmøte, datert 31.01.2007, vedlagt partsliste og reglane for habilitet.
11. Skøyte datert 02.08.1963 for gnr. 32 bnr. 15 i Stord.
12. Skylddeling datert 26.09.1933 for gnr. 32 bnr. 15.
13. Annonse: Sunnhordland Bladet, datert 08.02.2007.

Dokumenta blei gjennomgådde i nødvendig grad.

Rettsformannen opplyste om at nye dokument til saka skal sendast/leverast til Sigurd Huglen ved Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett.

Ev. tvistar ville verta handsama av jordskifterett samansett av rettsformannen og to meddommarar. Meddommarane ville verta tekne frå utvalet i Kvinnherad kommune.

*Tørres Bjelland* greidde ut om kravet.

Styret i sameiga kravde sak i si tid. Sameiga bygger på Storskifte1888-1911, med då vart det berre fastsett kva gardar som var med i sameiga. Han viste til side 77 og 104 – 106. Det var derfor oppstått eit behov for å få fastsett kva bruk innan kvar gard som var medeigarar. Når det gjaldt bruk som eksisterte i 1911 kunne oppgåva over kva bruk som vart pålagde sakskostnader i Storskifte vera eit utgangspunkt. I tillegg kom bruk som var etablerte etter 1911, om desse var med i sameiga.

Vidare ønskte dei å få fastsett grensa for heile fjellsameiga.

Ved Storskifte vart det fastsett det dei kalla Fjellinja som var ei beitegrense. Vidare vart det fastslått at eigedomsretten høyrde til beiterettshavarane, men dette vart påanka av ein del gardar og desse vann fram med at skogeigaren var grunneigar. Det var såleis to tilhøve, der saka ikkje var påanka gjaldt Fjellinja som eigedoms grense, men der saka var påanka var skogeigaren grunneigar. Avgrensinga av skogteigane opp mot fjellsameiga var der sett til så langt opp som skogen veks.

Vidare hadde det vore ein del jordskiftesaker seinare som hadde fastsett grense på nokre strekningar.

Bakgrunnen for kravet var at det hadde vore ein del tvistar om jakt.

Kostnad med denne saka vil styret i sameiga ta så langt grensegangen gjald sameiga.

Spørsmål om kven som skulle representera sameiga i grensegang vart ikkje avklara.

Han viste elles til vedlegg c til dokument 1.

Det vart opplyst at Morkens sameige var gnr. 63 bnr.1 og at Stord fjellsameige hadde beiteretten der.

*Ola Økland* la fram skriv frå 15 grunneigarar der dei krov saka avvist

Han sa elles at ein del bruk hadde sætterrettar og ville bruka desse.

*Tørres Bjelland* sa til dette at sætterrett er bruksrett og er ikkje kravd handsama. Dei kan ligga slik som dei er i dag.

Det var opplyst at Fjellinja vart merkt i marka og avlagt på Økonomisk kartverk.

*Marta Tveita* for gnr. 16 bnr. 2 presiserar at Fjellinja er grei, unnateke for dei som anka.

*Ola Økland* sa at beitelinja nordover er lik Fjellinja, men eigedomsgrensa går høgare opp for enkelte gardsbruk.

Jordskiftedommaren gjorde merksam på at det er partane sitt ansvar å skaffe fram dokument og andre bevis. Endeleg frist for å sende inn dokument vil verta fastsett seinare, jf. jordskiftelova §15.

Den vidare framdrifta av saka vart drøfta. Innkalling til neste møte blir send i vanleg brev med minst éi veker varsel, jf. jordskiftelova § 14.

Utskrift av rettsboka blir send til partane i vanleg brev.

Saka vart utsett inntil vidare.

Retten heva.  
Stord, 08.03.2007

---

Knut Skiple, jordskiftedommar  
(sign.)

**Rettsmøtedag:** 25.05.2007

**Stad:** Kommunestyresalen i Stord kommune

**Sak nr.:** 1210-2003-0002 Stord Fjellsameige, utsett frå 08.03.2007

**Saka gjeld:** Krav om grensegang/rettsutgreiing etter jordskiftelova § 88

**Jordskiftedommar:** Knut Skiple

**Protokollførarar:** Avd. ing. Sigurd Huglen

**Saka er kravd av:** Styret i Stord fjellsameige

**Til handsaming:**

1. Gjennomgang av grenser og rettar til gnr. 4-Mehammer, gnr. 5-Børtveit, gnr. 6-Agdestein og gnr. 7-Hetlesæter.
2. Andre tilhøve

**Partar:** Sjå eiga liste

Eigedomane ligg i Stord kommune.

**Til stades:** For styret i sameiga: Johannes Njøsén, Tørres Bjelland, Svein Ove Vatna og Tor Langeland.

Elles møtte: Bjarne Børtveit, Odd Hetlesæter , Reinert Agdestein for seg og med fullmakt frå Johannes Øverland, Magne Grøsvik.

For Mehhammer møtte ingen.

---

Tørres Bjelland tok opp at det var eit problem at det ikkje var avklara kven som var medeigarar i sameiga. Dette meinte han måtte koma først.

Dei aktuelle grensestrekningane mellom Fjellsameiga og dei fire gardane vart gjennomgått på kartet og det var semje om kvar grensene gjekk.  
Mot Mehammer ønskte Fjellsameiga å få kartfesta både eigedomsgrensa og bruksrettsgrensa for skogen lenger oppe.

Ved gjennomgang av kva bruk på dei fire gardane som hadde rettar vart dette helde fram:  
På Mehammer meinte dei det var fire aktuelle bruk.  
På Børtveit meinte Bjarne Børtveit at det berre var bnr. 1 og 2 som hadde rettar i sameiga.  
På Agdestein er det fire bruk som har rettar.  
På Hetlesæter var det berre eitt bruk.

Det vart elles nemnt at fleire av gardane hadde særrettar over Fjellinja, men desse vil ikkje verta handsama i denne saka. Unnataket er der Fjellsameiga og nokon av grunneigarane er samde om utstrekninga av ein særrett og vil ha dette kartfesta og skildra i saka.

Fleire meinte at det måtte koma ei annonse i bladet Sunnhordland slik at alle aktuelle grunneigarar vart merksame på saka i Fjellsameiga.

Tørres Bjelland sa at etter hans oppfatning hadde alle som hadde beiterett i Fjellsameiga og eigedsrett.

Det vart gjort merksam på at etter at tabellen for skyld/smale var oppsett for dei forskjellige gardane på side 105,106 i Storskifte vart det gjort ei endring for Presthaug, Solhaug og Haugland. I flg. Side 109 i Storskifte skal Presthaug avstå 24 smale og av desse skal 4 til Solhaug og 20 til Haugland.

Magne Grøsvik sa han ønskte å få rekna ut andelen for sitt bruk(gnr. 28 bnr. 8) og viste til innlevert skylddeling.

Utskrift av rettsboka blir send til partane i vanleg brev.

Saka blir utsett inntil vidare.

Retten heva.  
Stord, 25.05.2007

---

Knut Skiple, jordskiftedommar

(sign.)

- Rettsmøtedag:** 28.09.2007
- Stad:** Kommunestyresalen i Stord kommune
- Sak nr.:** 1210-2003-0002 Stord Fjellsameige, utsett frå 25.05.2007
- Saka gjeld:** Krav om grensegang/rettsutgreiing etter jordskiftelova § 88
- Jordskiftedommar:** Knut Skiple
- Protokollførarar:** Avd. ing. Sigurd Huglen
- Saka er kravd av:** Styret i Stord fjellsameige
- Til handsaming:**
1. Gjennomgang av grenser og rettar til gnr. 30-Økland øvre, gnr. 31-Isdal, gnr. 32-Dale, gnr. 63 bnr. 1- Morkens allmenning, gnr. 54-Rydland i Fitjar
  2. Andre tilhøve
- Partar:** Sjå eiga liste
- Eigedomane ligg i Stord kommune.
- Til stades:** Frå styret i sameiga: Johannes Njøs
- Elles møtte: Geir Ståle Valvatne saman med far sin Anders P. Valvatne som og er eigar av gnr. 55 bnr. 5, Per Ole Dahle saman med adv. Johan Nygård som og representerte Astrid Dahle, Kristen Rydland, Einar Rydland, Nils

**Desse dokumenta vart lagde fram.**

14. Fullmakter til møte 08.03.2007.
15. Forslag frå eigarar av 14 bruk om avvising av saka. Framlagt på møte 08.03.2007.
16. Skriv frå adv. Johan Nygård om at han skal representera Per Ole Dahle og Astrid Dahle i saka.
17. Skriv til partane m/6 vedlegg, datert 02.04.2007.
18. Innkalling av partane frå Mehammer, Børtveit, Agdestein, Hetlesæter og Fjellsameiga til saksførebuande rettsmøte, datert 28.03.2007.
19. Skriv frå Tørres Bjelland, datert 12.04.2007.
20. Skylddeling, kjøpekontrakt for gnr. 56/26 frå 1917.
21. Skylddeling for gnr. 46/10 frå 1935.
22. Utskiftingsforretning, Børtveit 1910.
23. Brukskontrakt på tomt til Stord kommune frå eigarane av gnr. 46 bnr. 1, 2 og 3.
24. Skriv frå eigarar på garden Rydland – gnr. 54 – i Fitjar, datert 28.04.2007 og vedlagt kart.
25. Skriv frå eigarar av Morkens allmenning – gnr. 63 bnr1 - i Stord, datert 28.04.2007 og vedlagt notat, eigarliste, kart, utdrag frå Storskifte og forretning frå 1769.
26. Skriv frå Reinert J Agdestein, datert 30.04.07 og vedlagt utsnitt av protokoll og kart av jsk. sak 6/1960.
27. Skriv m/vedlegg frå eigar av gnr. 39 bnr. 34, Torger Gravdal, datert 18.05.2007. Han hevdar at dette bruket er part i saka.
28. Skriv m/vedlegg til Olav Høyland vedk. rettane til gnr. 39/1 og gnr. 39/34, datert 22.05.2007.
29. Utskiftingsforretning 8/1939, gnr. 4 Medhammer, slutta 23.06.44. (berre kartet)
30. Utskiftingsforretning 6/1960, gnr. 6 – Agdestein, berre kart
31. Delkopi av utskiftingsforretning 6/1951, gnr. 28 – Ådland.
32. Utskiftingsforretning 7/1976, gnr. 30- Økland øvre,
33. Utskiftingsforretning 14/1969, gnr. 31 – Isdal og gnr. 32 – Dale, slutta 23.11.1978.
34. Skylddeling for gnr. 4/4 frå 1904.
35. Skylddeling for gnr. 4/5 frå 1907.
36. Skylddeling for gnr. 5/3 og 4 frå 1918.
37. Skylddeling for gnr. 6/4 frå 1898.
38. Brev til eigarar av gnr. 54 i Fitjar vedk. Rydlandsskogen, datert 08.06.2007.
39. Skylddeling for gnr. 44/11 frå 1913.
40. Skylddeling for gnr. 44/27 frå 1923.

41. Skriv m/vedlegg til partane, datert 13.06.2007.
42. Skriv m/vedlegg vedk. Rydlandsskogen frå Nils K. Rydland og Harald Rydland, datert 26.07.2007.
43. Innkalling til saksførebuande rettsmøte, datert 29.08.2007.

#### **Partane fekk ordet.**

Johannes Njøsene meinte at alle i sameiga burde vore kalla inn.

Partane korrigerde det framlagde kartet når det gjaldt grensa mellom Morken og Rydland. Grensa skal følgje vassdraget.

Ein tok først opp kva bruk som var medeigarar under dei tre gardane som var innkalla. For gnr. 30- Økland øvre var det bnr. 1, 2 og 3 som er oppførde som medeigarar i flg. partslista og partane sa frå at dette var korrekt. Tilsvarande for gnr. 31- Isdal var bnr. 1, 2 og 11 og for gnr. 32 – Dale bnr. 1, 4 og 15. Dette vart og stadfesta å vera korrekt.

Grensestrekningane mellom Fjellsameiga og dei tre gardane - Økland øvre, Isdal, Dale - samt Morkens allmenning, vart gjennomgått på kartet og det var semje om kvar grensene gjekk. Det vart opplyst at Morkens allmenning kom berre i grense mot Fjellsameiga i eitt punkt.

Dei meinte og at det skulle vera greitt å finna merka ved grenseoppgang og sa seg villige til å vera med etter nærmare avtale.

Når det gjaldt skogen til gnr. 54 Rydland i Fitjar stadfesta Harald Rydland at figuren på kartet som var framlagt og nå korrigerert var i samsvar med deira oppfatning, men dei hadde ingen grenseskildring.

Deira oppfatning var at Rydland var grunneigar i kraft av å vere skogeigar i dette området – at tilhøva var tilsvarande som i Morkens allmenning.

Partane frå Rydland var elles av den oppfatning at det første som burde skje var å få avklara grunneigedomsspørsmålet i området.

Når det gjaldt Morkens allmenning var det klarlagt i Storskifte at skogeigar var grunneigar, men at sameiga hadde beiteretten. Dei kjende ikkje til eksakt når beiteretten vart etablert, men la til grunn at den eksisterte sidan den var fastslått i Storskifte.

Eigarane av Morkens allmenning ønskte at beiteretten, som dei meinte sameiga ikkje hadde bruk for lenger, vart avløyst og at det vart gjort i denne saka. Dei meinte det var praktisk for elles vart det ei ny sak i ettertid med dei same partane. Dei viste elles til innlevert skriv vedk. Morkens allmenning og etterlyste svar på det.

Møtet slutt og saka vart utsett inntil vidare.

Utskrift av rettsboka blir send til partane i vanleg brev.

Retten heva.  
Stord, 28.09.2007

---

Knut Skiple, jordskiftedommar

(sign.)

## SAKSFØREBUANDE JORDSKIFTERETTSMØTE

---

- Rettsmøtedag:** 09.11.2007
- Stad:** Kommunestyresalen i Stord kommune
- Sak nr.:** 1210-2003-0002 Stord Fjellsameige, utsett frå 28.09.2007
- Saka gjeld:** Krav om grensegang/rettsutgreiing etter jordskiftelova § 88
- Jordskiftedommar:** Knut Skiple
- Protokollførarar:** Avd. ing. Sigurd Huglen
- Saka er kravd av:** Styret i Stord fjellsameige
- Til handsaming:**
1. Gjennomgang av grenser og rettar til gnr. 16-Tveita nordre, gnr. 17-Lundemannsverk, gnr. 18- Lunde, gnr. 23 – Økland nedre og gnr. 29 – Vatne.
  2. Andre tilhøve
- Partar:** Sjå eiga liste
- Eigedomane ligg i Stord kommune.

**Til stades:**

For styret i sameiga: Johannes Njåsen og Tårres Bjelland.

Elles møtte: Kurt Arne Tyse, Jens Litlabø m/fullmakt for Marta Tveita , Tjerand Lunde m/fullmakt for Asbjørn Lunde, Åsta og Per Arvid Rygg, Svein Økland, Holger Andreas Gravdal og Ola J. Økland m/fullmakt for Sissel Kristine Gravdal, Magne Grøsvik, Vigdis Vatne, Anny Dårdy Vatna Selvåg og Anny Guri Vatna Bjørnbakk.

---

Ola Økland tok opp at møta burde leggast til kveldstid.

Kart der skogavgrensing i 1956 og i dag var skisserte inn vart delt ut. Skogavgrensinga i 1956 var avlagt frå flybilete og farga gul. Dagens skogavgrensing var avlagt frå ortofoto og farga raud.

*Sak: Eigedomsgrensa mellom Fjellsameiga og dei ovanfor nemnde 5 gardane.*  
Eit av tema på møte var grensa mellom Fjellsameiga og dei fem gardane som var innkalla. Denne grensa vart i Storskifte definert til å gå så langt opp som skogen veks.

Representantane for dei forskjellige gardane som tok ordet meinte at dette måtte innebere at grensa gjekk der skogavgrensinga gjekk i dag. Det var slik dei alltid hadde rekna. Dei to representantane frå styret i sameiga meinte at det var skoggrensa slik den var i 1911 som gjaldt.

Rettsformannen nemnde at det ville verta eit problem å rekonstruere og dokumentere kvar skoggrensa frå 1911 gjekk.

Fleire tok elles opp at på ein del strekningar var det lite grunnlag for diskusjon og at skoggrensa i dag var om lag som tidlegare. Det var såleis lite å "slåss" om.

Dei partane som tok ordet oppfordra styret i sameiga til å akseptera deira standpunkt slik at den raude linja vart lagt til grunn for grensefastsettinga. Representantane frå styret lova å avklara sitt standpunkt til dette og å koma tilbake med sitt svar til retten.

*Sak: Gjennomgang av bruk som er medeigarar i Fjellsameiga.*  
Skjema med aktuelle bruk under kvar gard vart delt ut.

Gnr. 16 – Tveita, nordre.

Der var bnr. 1 og 2 ført opp som aktuelle bruk.

Gnr. 17 – Lunde.

Partane stadfesta at så langt dei kjende til var det korrekt slik som oppført i skjema med bnr: 1, 2, 3 og 4.

Gnr. 18 – Lundemannsverk.

Partane sa at bnr. 9 og 11 som var oppførde i skjema ikkje hadde beiterett i Fjellsameiga. Aktuelle bruk var såleis desse: 1, 2, 3 og 4.

Gnr. 23 – Økland, nedre.

Partane sa at det var bnr: 1, 2, 3 og 5 som var partar i Fjellsameiga.

Bnr: 23, 24, 35, 43 og 44 som var oppførde i skjema meinte dei ikkje hadde part i Fjellsameiga.

Gnr. 29 – Vatne.

Partane sa at det var bnr: 1, 2, 4 og 5 som var partar i Fjellsameiga.

Bnr: 7 og 25 som var oppførde i skjema meinte dei ikkje hadde part i Fjellsameiga.

*Sak: Rydlandsskogen.*

Representantane frå styret sa at deira standpunkt når det gjaldt Rydlandsskogen var at Rydland eigde skogen der, men at Fjellsameiga var grunneigar. Til grunn for dette standpunkt la dei formuleringane i Storskifte, side 143-144.

Skogsgrensa meinte dei elles ikkje gjekk så langt opp som skissert i påstanden frå Rydland.

*Sak: Kunngjering av saka.*

Det vart drøfta om saka nå burde kunngjerast i avisa, slik at dei som hadde rettar i Fjellsameiga og ikkje hadde fått direkte innkalling fekk varsel om at sak pågår og kunne gjera sitt krav gjeldande. Det må i tilfelle setjast ein frist.

Det vart bestemt at kunngjeringa skal setjast inn i Haugesunds avis, Sunnhordland og Bergens Tidende.

*Sak: Gjerdeplikt.*

Per Lundemannsverk tok opp at det nå burde skje ei formell fjerning av gjerdepliktene som kvilte på kvart bruk i følge bestemmelsane i Storskifte.

Møtet slutt og saka vart utsett inntil vidare.

Utskrift av rettsboka blir send til partane i vanleg brev.

Retten heva.  
Stord, 09.11.2007

---

Knut Skiple, jordskiftedommar

(sign.)

## JORDSKIFTERETTSMØTE

---

**Rettsmøtedag:** 17.06.2008

**Stad:** Kommunestyresalen i Stord rådhus

**Sak nr.:** 1210-2003-0002 Stord fjellsameige, utsett frå 09.11.2007

**Saka gjeld:** Grensegang/rettsutgreiing

**Rettsleiar:** Jordskiftedommar Knut Skiple

**Meddommarar:** Liv Sætre Eik, 5470 Rosendal  
Siri Teigland, 5472 Seimsfoss

**Protokollførar:** Avd. ing. Sigurd Huglen

**Saka er kravd av:** Stord fjellsameige

**Til handsaming:** Synfaring for Rydlandsskogen

**Til stades:** Johannes Njåsen, Olav Fjell for gnr. 21 bnr. 5, Magne Grøsvik, Anna Guri Vatna Bjørnbakk, Tørres Bjelland, Tor Langeland, Kristen Rydland, Einar Rydland, Lars Rydland, Karl Andre Rydland saman med faren Nils Rydland, Harald Rydland.

Johannes Njåsen og Tørres Bjelland deltok på synfaringa saman med representantane frå Rydland.

Liv Sætre Eik og Siri Teigland – begge frå Kvinnherad – var oppnemnde som meddommarar i saka. Liv Sætre Eik som opphavlege var varameddommar møtte på grunn av forfall.

Korkje Liv Sætre Eik eller Siri Teigland hadde gjort teneste som meddommarar før og skreiv under den lovbestemte forsikringa.

På førespurnad hadde ingen innvendingar til samansetjinga av retten.

Det vart gjennomført synfaring i området Rydlandsskogen.

Synfaringa slutt/retten heva.

Saka utsett.

Stord, 17.06.2008

---

Liv Sætre Eik (sign.)

Knut Skiple (sign.)

Siri Teigland (sign.)

### **JORDSKIFTERETTSMØTE**

**Rettsmøtedag:** 18.06.2008

**Stad:** Kommunestyresalen i Stord rådhus

**Sak nr.:** 1210-2003-0002 Stord fjellsameige, utsett frå 17.06.2008.

**Saka gjeld:** Grensegang/rettsutgreiing

**Rettsleiar:** Jordskiftedommar Knut Skiple

**Meddommarar:** Liv Sætre Eik, 5470 Rosendal  
Siri Teigland, 5472 Seimsfoss

**Protokollfører:** Avd. ing. Sigurd Huglen

**Saka er kravd av:** Stord fjellsameige

**Til handsaming:** Synfaring for grensestrekinga mot Økland Nedre, Lunde, Lundemannsverk, Tveita nordre og Vatna

**Til stades:** Per Arild Eskeland, Svein Ove Vatna, Olav Fjell, Sissel Kristine Gravdal, Helge Arnfinn Hystad, Magne Grøsvik, Vigdis Vatne, Håvard Selvåg m/fullmakt,

Anne Guri Vatna Bjørnbakk, Ola Økland m/fullmakt, Jan Vidar Kannelønning,  
Tørres Bjelland, Tjerand Lunde

Det vart gjennomført synfaring i Lundestølområdet og Vatnadalen.

Synfaringa slutt/ saka utsett.

Retten heva.

Stord, 18.06.2008

---

Liv Sætre Eik

(sign.)

---

Knut Skiple

(sign.)

---

Siri Teigland

(sign.)

**JORDSKIFTERETTSMØTE**

---

**Rettsmøtedag:** 04.07.2008

**Stad:** Kommunestyresalen i Stord rådhus

**Sak nr.:** 1210-2003-0002 Stord fjellsameige, utsett frå 18.06.2008

**Saka gjeld:** Grensegang/rettsutgreiing

**Rettsleiar:** Jordskiftedommar Knut Skiple

**Meddommarar:** Liv Sætre Eik, 5470 Rosendal  
Siri Teigland, 5472 Seimsfoss

**Protokollfører:** Avd. ing. Sigurd Huglen

**Saka er kravd av:** Stord fjellsameige

**Til handsaming:**

1. Handsaming av tvist mellom Stord fjellsameige og gardane Rydland i Fitjar om tilhøva i Rydlandsskogen.
2. Handsaming av tvist mellom Stord fjellsameige og gardane Økland nedre, Lunde, Lundemannsverk, Tveita nordre og Vatna

**Til stades:**

**Fjellsameiga.**

Svein Ove Vatna, Johannes Njøsen, Per Lundemannsverk, Per Harald Lunde, Tjerand Lunde for Asbjørn Lunde, Per Tyse for Øyvind Tyse, Kjellfrid Fjell Hjortland, Ola Økland for Svein Økland, Arne Ås Haugland, Holger Andreas Gravdal for Sissel Kristine Gravdal, Stein Birger Lekven for Knut Lekven, Helge Arnfinn Hystad, Vigdis Vatne, Anne Guri Vatna Bjørnbakk, Tørres Bjelland, Hogne Dahl

**Rydland.**

Kristen Rydland, Einar Rydland, Lars Rydland for seg og Karl-Andre Rydland.

Partane frå Rydland møtte saman med adv. Haldor Tveit.

Retten tok først opp til handsaming:

## **1. Tvisten mellom Stord fjellsameige og garden Rydland – gnr. 54 i Fitjar kommune.**

Det vart gjennomført synfaring på tvisteområdet den 18.06.2008.

Partane fekk ordet.

*Tørres Bjelland for Fjellsameiga.*

Viste til Storskifteprotokollen, side 143 og 144.

Dei erkjente at Rydland var grunneigar i skogteigane i Morkavasslia

Viste til side 130, andre kolonne.

I Barlindedalen rekna Stord fjellsameiga seg som grunneigar.

Påstandane står på side 129 i Storskifte

Rydland var grunneigar så langt opp som skogen veks. Dei øvste merka i dei innbyrdes grensene for skogteigane til Rydland går ikkje så langt opp.

Dei hadde vanskar med på påvise kvar skoggrensa gjekk i 1911, slik at dei nå påstår at skilje går ved den gule linja på kartet.

På side 144, første kolonne står grunnen til at det ikkje vart oppmerkt grenser.

*Adv. Tveit for eigarane på Rydland*

Tema er eigeomsretten i Rydlandsskogen.

Han viste til side 130 i Storskifteprotokollen der det er referert frå ei befaring.

Dei snakkar i samband med dette om Rydlands eigeom.

Påstandane då står på side 128, andre spalte.

I referatet frå 17. juni står det meir om påstandane.

Den 23. juni var det synfaring der Rydland påviste grensene.

Viste elles til side 136 og side 140. Vidare side 142 og 143.

Slutninga står på side 144.

Konsekvensen av alt dette er at dette tilhøyrer Rydland.

Han viste og til oppmerking til flyfotografering ca. 1960. Sidan den tid har desse linjene vorte lagt til grunn.

Påstanden deira var som påviste grenser ved synfaringa.

Vidare høyrde Barlindedalen til Rydland.

Dei innrømte at storsameiga hadde beiteretten

Han la fram juridisk utdrag og gjekk gjennom nokre av dommane der.

Det måtte her leggast vekt på at oppfatninga av grensa frå gamalt av er som påstått av Rydland.

*Bjelland* påpeika at Tveit held seg mykje til ein førebels påstand frå Rydland.

Flykartlegginga var ikkje noko bevis

Han etterlyste elles forretning for dei innbyrdes skogsgrensene i Morkavasslia.

*Harald Rydland* sa at saka var komplisert. Han las opp frå eit skriv forfatta av tidlegare jordskiftedommar Try om eigedomstilhøva på Stord(fjellområdet).

Hans oppfatning var at dei gml. grensene måtte gjelde.

Når det gjaldt Morkavasslia så var det ikkje noko felles forretning for skogslinjene.

*Adv. Tveit* sa at det var delt opp til eit visst punkt, men at det ikkje var avgjerande kor langt opp det var delt.

Partane frå Rydland vart permitterte og retten tok opp til handsaming:

**2. Tvist mellom Stord fjellsameige og gardane Økland Nedre- gnr. 23, Lunde – gnr. 18, Lundemannsverk – gnr. 17, Tveita Nordre gnr. 16 og Vatna – gnr. 29 i Stord kommune.**

### **Tvisteskildring.**

Gardane som er nemnde ovanom vart under Storskifte grunneigarar i sine skogteigar opp over Fjellinja, men det vart då ikkje sett ei eksakt avgrensing for eigedomsretten. Formulert berre slik at eigedomsretten til skogeigarane gjekk så langt opp som skogen vaks. Over dette var det Fjellsameiga som beiterettshavar som var grunneigar.

Det er i denne saka reist krav om fastsetting av eksakt linje som eigedomsgrense mellom Fjellsameiga på oppsida og dei einskilde gardane sine teigar på nedsida.

Partane er samde om at det er formuleringa i Storskifte som fastset linja – skogeigaren skal eiga så langt opp som skogen veks – men er usamde om kva dette betyr. Er det så langt opp som skogen vaks i 1911 då Storskifte vart avslutta, eller er det dagens skogsgrense som skal leggest til grunn. Som grunnlag for diskusjonen har det frå retten si sida vore framlagt kart med skogsgrensa frå 1956 og dagens skogsgrense. Begge deler omtrentleg avlagt.

Fjellsameiga har landa på at dei vil – sidan grensa frå 1911 ikkje kan dokumenterast – halda på grensa frå 1956 som sin påstand.

Skogeigarane på dei nemnde gardane hadde som utgangspunkt skogsgrensa i dag som sin påstand, men har i dok. 124 sett fram forslag til ei kompromisslinje midt mellom desse linjene.

Det vart gjennomført synfaring på delar av tvistestrekningane den 18.06.2008.

Rettsformannen sette nå fram forslag til ei minneleg ordning som gjekk på at ein la skogsgrensa frå 1956 til grunn når det gjeld fastsetting av eigedomsskilje mellom skogeigarane og Fjellsameiga, men at den einskilde skogeigar beheldt bruksretten til skog opp over denne linja så langt opp som skogen veks.

Alle dei frammøtte partane sa frå at dei kunne godta ei slik løysing og vidare samtykte dei i at avd. ing. Sigurd Huglen fekk fullmakt til å merke opp ei linje om lag i samsvar med den gule linja på kartet. Under oppmerkinga måtte det brukast skjønnslik at ein fekk ei fornuftig og praktis linje i terrenget.

Saka utsett/retten heva.

Stord, 04.07.2008

---

Liv Sætre Eik

(sign.)

---

Knut Skiple

(sign.)

---

Siri Teigland

(sign.)

## JORDSKIFTERETTSMØTE

---

**Rettsmøtedag:** 16.09.2008

**Stad:** Kvinnherad rådhus

**Sak nr.:** 1210-2003-0002 Stord fjellsameige, utsett frå 04.07.2008

**Saka gjeld:** Grensegang/rettsutgreiing

**Rettsleiar:** Jordskiftedommar Knut Skiple

**Meddommarar:** Liv Sætre Eik, 5470 Rosendal

Siri Teigland, 5472 Seimsfoss

**Protokollfører:** Rettsformannen

**Saka er kravd av:** Stord fjellsameige

**Til handsaming:** Tvist vedkomande grunneigedomsspørsmålet i Rydlandsskogen.

**Til stades:** Partane var ikkje innkalla.

Desse dokumenta vart framlagde:

44. Skriv frå Gunnar A. Agdestein vedk. gnr. 6 bnr. 4, datert 07.09.2007.
45. Skriv m/vedlegg til Gunnar A. Agdestein vedk. gnr. 6 bnr. 4, datert 07.09.2007.
46. Fullmakt til Bonnie Scarborough, gjelder gnr. 4 bnr. 5.
47. Fullmakt frå Astrid Dale til møte 28.08.2007 til adv. Johan Nygård, Sæbjørn A. Dale, og Peter Tanghus Pedersen.
48. Fullmakt til adv. Johan Nygård frå Per Ole Dahle.
49. Skriv til partane, datert 05.10.2007, vedlagt førebels rettsbok, innkalling, dokumentliste, kart, dok. 24 og 25.
50. Skriv frå styret i Stord Fjellsameige vedk. Morkens allmenning og Rydlandsskogen, datert 24.10.2007.
51. Skriv (E-post) frå Kristian S. Rommetveit vedk. gnr. 41 bnr. 2.
52. Skøyte, samanføyingsskjema for gnr. 29 bnr. 31, rører gnr. 29 bnr. 2 og bnr. 5.
53. Skriv m/vedlegg til eigarane av Rydlandsskogen, datert 30.11.2007.
54. Skriv m/vedlegg til Morkens allmenning v/Kristoffer Dalen, datert 30.11.2007.
55. Skriv m/vedlegg til partane, datert 30.11.2007.
56. Skriv m/vedlegg frå styret i Stord fjellsameige vedk. grensa mot gnr. 16-18, 23 og 29, datert 02.12.2007.
57. Kopi av skriv m/vedlegg frå Sigurd Huglen til eigarane av gnr. 23 bnr. 24 og 43 datert 12.12.2007.
58. E-post frå Harald Rydland vedk. tvist om Rydlandsskogen, datert 13.12.2007.
59. Skriv(e-post) frå styret i Stord fjellsameige v/Johannes Njøs, datert 21.01.2008.
60. Skriv frå Knut L. Lekven, datert 30.01.2008 og vedlagt skylddeling for 23/43 frå 1950. Viser til skoggrensa, men den er ikkje nærmare definert.
61. Søknad om løyve til summarisk innkalling, datert 29.01.2008.
62. Løyve til summarisk innkalling, datert 04.02.2008.

63. E-post til Norsk Lysingsblad, BT, Sunnhordland og Haugesunds avis, datert 08.02.2008 og vedlagt kunngjeringsstekst.
64. Skriv frå Magne Tveita vedk. gnr. 15 bnr. 3 sine rettar, datert 21.02.2008.
65. Skriv til Magne Tveita vedk. gnr. 15 bnr. 3 sine rettar, datert 21.02.2008.
66. Utsending - skriv til dei fleste partane - datert 23.02.2008
67. Skylddeling/skøyte for gnr. 34 bnr. 4 frå 1905.
68. Skriv frå Eli Marie Tveit, datert 25.02.2008 og 18.03.2008, samt skylddeling for gnr. 16 bnr. 8 frå 1947.
69. Skylddeling for gnr. 55 bnr. 16 frå 1949.
70. Skriv frå Borgny J. Steffensen vedk. gnr. 4 bnr. 5 – er part.
71. Skylddeling for gnr. 52 bnr. 7 frå 1925.
72. Skriv frå Håvard Selvåg vedk. gnr. 29 bnr. 2, 5 og 31.
73. Skriv vedk. heimelstilhøva til gnr. 57 bnr. 3.
74. Skøyte for gnr. 32 bnr. 15 frå 1963.
75. Skylddeling/skøyte for gnr. 32 bnr. 15 frå 1925.
76. Skriv (e-post) frå adv. Harald Leirvik den 25.03.2008 vedk. gnr. 38 bnr. 1.
77. Skriv m/vedlegg til adv. Harald Leirvik, datert 02.04.2008.
78. Skriv frå Geir Raudstein Aasheim vedk. gnr. 56/36, datert 07.04.08 vedlagt: skøyte og skylddeling.
79. Skriv frå Jens Gaute Aarbø vedk. gnr. 57/1 og 2 i Fitjar, datert 03.04.08 vedlagt: Kart, kopi frå Storskifte.
80. Skriv frå Andreas L. Almås vedk. gnr. 56/2 og 26, datert 30.03.08, vedlagt: Kopi frå merkeboka.
81. Skriv frå Frøydis Lundal vedk. gnr. 33/2 , datert 07.04.08.
82. Skriv frå Tor Langeland vedk. gnr. 43/2, datert 31.03.08 vedlagt: Skylddelingsforretning, kopi av pantebok og merkebok.
83. Skriv (e-post) frå Nils Kåre Nysæter 31.03.2008 vedk. gnr. 57 bnr. 9, vedlagt: Skylddelingsforretning og kopi av merkeboka.
84. Skriv (e-post) frå Nils Kåre Nysæter 01.04.2008 vedk. gnr. 57 bnr. 53, vedlagt: Skylddelingsforretning.
85. Skriv frå Anne Sofie Tysdal vedk. gnr. 42/2 , datert 31.03.08.
86. Skriv frå Lars Olav Litlabø vedk. gnr. 55/27 , datert 25.03.08.
87. Skriv frå Stig Kjoberg Almås vedk. gnr. 56/6 , datert 31.03.08, vedlagt kopi av merkeboka.
88. Delings- og skylddelingsforretning for gnr. 39/4 frå 1890.
89. Delings- og skylddelingsforretning for gnr. 59/3 frå 1895.
90. Skøyte tingl. 26.02.79 for gnr. 20/15 vedk. tilhøvet mellom gnr. 20/4 og 20/15.
91. Skylddeling for gnr. 34 bnr. 4 frå 1905 og bnr. 10 frå 1936.
92. Skriv frå Stord jeger og fiskerforening v/Anneli S. Mæhle, datert 15.04.2008.
93. Delings- og skylddelingsforretning for gnr. 9/6 frå 1885.
94. Delings- og skylddelingsforretning for gnr. 9/7 og 8 frå 1897.
95. Skylddelingsforretning for gnr. 15/7 frå 1889.
96. Skylddelingsforretning for gnr. 22/4 frå 1930.
97. Delings- og skylddelingsforretning for gnr. 33/2 frå 1891.
98. Delings- og skylddelingsforretning for gnr. 33/3 frå 1892.
99. Delings- og skylddelingsforretning for gnr. 37/3 frå 1914.
100. Skylddelingsforretning for gnr. 39/5 frå 1898.
101. Delings- og skylddelingsforretning for gnr. 42/4 frå 1899.
102. Delings- og skylddelingsforretning for gnr. 46/4 frå 1899.
103. Skylddelingsforretning for gnr. 46/7 frå 1892.
104. Skylddelingsforretning for gnr. 52/8 frå 1928.
105. Delings- og skylddelingsforretning for gnr. 55/11 frå 1918.
106. Delings- og skylddelingsforretning for gnr. 56/4 frå 1897.

107. Skylddelingsforretning for gnr. 56/6 frå 1903.
108. Skylddelingsforretning for gnr. 56/28 frå 1918.
109. Delings- og skylddelingsforretning for gnr. 57/8 frå 1896.
110. Innkalling av partar til rettsmøte/synfaring til møte 17.06.2008, 18.06.2008 og 04.07.2008.
111. Innkalling av meddommarar til rettsmøte/synfaring til møte 17.06.2008, 18.06.2008 og 04.07.2008.
112. Skriv frå Stord fjellsameige v/Johannes Njøsen, datert 27.04.2008 vedk. dok. 79.
113. Skriv til Jens Gaute Aarbø, datert 30.04.2008 og vedlagt dok. 110.
114. Skriv m/6 vedlegg frå Olav Fjell vedk. gnr. 21 bnr. 1, 3 og 5, datert 28.04.2008.
115. Skriv frå Morkens allmenning v/Kristoffer Dalen vek. avløyning av beiteretten i Morkens allmenning, datert 09.05.2008.
116. Skriv til Olav Fjell m/vedlegg, datert 14.05.2008.
117. Skriv til grunneigarlaget for Morken v/Kristoffer Dalen, datert 14.05.2008.
118. Skriv m/vedlegg til Anders J. Almås vedk. gnr. 56 bnr. 2 og 26, datert 23.05.2008.
119. Fullmakt til Håvard Selvåg, datert 18.06.2008.
120. Fullmakt til Holger Andreas Gravdal, datert 18.06.2008.
121. Fullmakt til Ola J. Økland, datert 16.06.2008.
122. Fullmakt til Tjerand Lunde, datert 17.06.2008.
123. Fullmakt til Olav Fjell, datert 16.06.2008.
124. Skriv frå 12 eigarar i Lundastølområdet med forslag til avgrensingslinje.
125. Skylddeling for gnr. 23 bnr. 35.
126. Bilete frå 1938, framlagt på synfaring 18. juni 2008.
127. Skriv til Anny Dårby Vatna Selvåg vedk. gnr. 29 bnr. 2 og 5, datert 19.06.2008.
128. Innkalling av Olav Olsen Kjellevoll(23/24) og Knut Egil Lekven(23/43), datert 02.07.2008.
129. Fullmakt til Tjerand Lunde, datert 08.11.2007 og 03.07.2008.
130. Fullmakt til Jens Litlabø i saka for gnr. 16 bnr. 2 m.fl. , datert 08.11.2007.
131. Fullmakt til møte 09.11.2007 til Holger Anders Gravdal og Ola Økland, datert 08.11.2007.
132. Forretning for Peter teig frå 1769.
133. Notat vedk. eigedomstilhøva i Stord av Torleiv Try, datert 12.10.1983.
134. Juridisk utdrag til saka frå adv. Haldor Tveit.
135. Skriv til Kristoffer Dalen vedk. Morkens allmenning, datert 11.07.2008.
136. Fullmakt til Ola Økland til møte 04.07.2008 for gnr. 23 bnr. 3.
137. Fullmakt til Holger Andreas Gravdal til møte 04.07.2008.
138. Fullmakt til Per B. Tyse, datert 03.07.2008.
139. Fullmakt til Lars J. Rydland til møte 04.07.2008 for gnr. 54 bnr. 4 og 8.
140. Fullmakt til Stein Birger Lekven til møte 04.07.2008 for gnr. 23 bnr. 3.
141. Påstandsskriv frå adv. Tveit på vegne av Rydland, datert 04.07.2008.
142. Omkostningsoppgåve frå adv. Tveit, datert 04.07.2008.
143. Skriv frå Åsa og Per Rygg vedk. gnr. 18 bnr. 4, datert 10.07.2008.
144. Sakskart vedk. tvist om Rydlandsskogen i m 1: 5000.

### **Fremming av saka.**

Saka er i praksis tidlegare fremma av di det er starta opp med markarbeid, men det er ikkje gjort formelt vedtak. Dette vert derfor gjort nå.

### **Vedtak:**

**Tema vidare på møtet er handsaming av tvist mellom Stort fjellsameige og gnr. 54 – Rydland i Fitjar kommune om eigedomstilhøva i Rydlandsskogen i Stord kommune.**

**Tvisteområdet.**

Tvisteområdet er den delen av den såkalla Rydlandsskogen som ligg i Stord kommune.

Tvisteområdet er avgrensa av kommunegrensa mot Fitjar i nordvest, ei linje over Prestvarden i nordaust og aust og Morkens allmenning i sørvest. Tvisteområdet er innteikna med blå farge på tvistekartet, dok. 144. Denne avgrensinga samsvarar med Rydland sin påstandslinje. Arealet er på ca. 1030 da., eksklusivt vassareal.

Rydlandsskogen er som nemnt eit skogområde som ligg i Stord kommune, men der skogen er eigd av garden Rydland - gnr. 54 - i Fitjar kommune.

Område ligg nord og aust for Morkavatnet og vidare inngår Barlindedalen i området. Rydlandsskogen grensar inntil skogområdet til Rydland i Fitjar.

Det vart gjennomført synfaring av området den 17.06.2008.

Slik saka nå står er det ingen tvist om skogen. Den tilhøyrrer bruk under garden Rydland i Fitjar. Heller ikkje er det tvist om beiteretten. Den tilhøyrrer Stord fjellsameige – seinare her berre kalla Fjellsameiga. Fjellsameiga har heile beiteretten i tvisteområdet. Rydland er ikkje med i sameiga og har følgjeleg heller ikkje beiterett.

Vidare var det semje mellom Fjellsameiga og Rydland på møte den 04.07.2008 om at i Morkavasslia er skogeigaren, altså då Rydland, grunneigar. Morkavasslia er den delen av Rydlandsskogen som ligg opp frå Morkavatnet. Området det er semje om er frå vatnet og opp til gult strek på dok. 144. Dette utgjer ca. 150 da. av dei 1030 da.

Tvisteområdet er resten av det blåfarga området - ca. 880 da. - og går på kven som er grunneigar i området, om det er skogeigaren, eller beiteeigaren. Er det skogeigaren vert Rydland grunneigar, men er det beiteeigaren vert det Fjellsameiga.

Rydland sin påstand omfattar og område som ikkje er skogvakse, eller som er påstått har vore skogvakse. Det som er skogvakse i dag er avgrensa om lag med raudt strek på dok. 144 og det som var skogvakse i 1956 er avgrensa om lag med gult strek på same kartet.

Linja frå 1956 er avlagt etter gamle flybilete.

Det som vidare er eit faktum er at tvisteområdet her vart handsama i Storskifte som vart avslutt i 1911. Heile området som her er kalla Rydlandsskogen var ein del av det skiftefeltet.

Tvisten kan såleis samanfattast til kven som er grunneigar i området som er farga blått på dok. 144, men med unnatak av arealet frå Morkavatnet og opp til gult strek der det er semje om at Rydland er grunneigar.

Retten tok saka opp til avgjerd.

#### **Dom:**

Om grunneigedom retten i tvisteområdet er det sett fram slike påstandar.

Rydland sin påstand:

1. *Grunnen i Rydlandsskogen d.v.s. i det arealet som på kartskisse ajourført 28.09.2007 er merka med blå farge, tilhøyrrer gnr. 54 bnr. 1, gnr. 54 bnr. 2, gnr. 54 bnr. 3, gnr. 54 bnr. 4 og 8 samt gnr. 54 bnr. 9, alle i Fitjar kommune.*
2. *Stord Fjellsameige vert tilplikta å erstatta Kristen Rydland, Einar Rydland, Lars J. Rydland, Karl Andre Rydland samt Harald Rydland kostnadene med saka, og med tillegg av lovas rente frå forfall til betaling skjer.*

Rydland sin påstand er som nemnt farga blått og elles avgrensa med blått heiltrekt strek på dok. 144

Fjellsameiga sin påstand:

1. *Grensa for grunneigedom retten til Rydland går i samsvar med gul linje, innteikna skogsgrense frå 1956.*
2. *Rydland må dekke sine advokatutgifter sjølve.*

Fjellsameiga sin påstand er avmerka med gult heiltrekt strek på dok. 144.

Rydland viser som grunnlag for sin påstand til at området dei gjer krav på er skildra som Rydland sin eigedom fleire stadar i Storskifteprotokollen. Ved ei synfaring som Storskifteretten, saman med ein del partar, føretok den 23. juni 1910, skildra på side 130 i protokollen, går dette fram. Rydland påviste då den avgrensinga som Rydland nå påstår er deira eigedom. Det vert og vist til at ei slik avgrensing samsvarar med slik Rydland har oppfatta eigedomstilhøva frå gamal tid. Rydland kom til Prestvarden og vidare til Barlindeelva og elva ovanfor Barlindevatnet. Barlindedalen var Rydland sin eigedom.

At dette har vore rettsoppfatninga på Rydland meiner dei vert stadfesta av at dei har lagt ut signal for flyfotografering i samsvar med denne påstandslinja.

Rydland er innforstått med at dei ikkje har beiteretten. Den tilhøyrrer i samsvar med det som er fastsett i Storskifte Fjellsameiga.

Fjellsameiga viser til Storskifte og meiner at det der går fram at Rydland, eller skogeigaren, ikkje fekk grunneigedom retten i Barlindedalen. Det er i slutningane det står kva som vart fastsett og slutningane på side 145 i Storskifteprotokollen meiner dei er klar på at Rydland ikkje fekk Barlindedalen.

### **Retten ser dette slik.**

Det som er uomtvista er som tidlegare nemnt at Rydlandsskogen, eller tvisteområdet i denne saka, var ein del av skiftefeltet i Storskifte som vart avslutta i 1911. Området fekk sin rettstilstand fastsett der. Rettstilstandar som gjaldt før Storskifte vil såleis ikkje gjelde i den grad dei kjem i konflikt med det som vart fastsett i Storskifte. Storskifte vil vera gjeldande dersom det seinare ikkje er endra og ein kan ikkje sjå at nokon av partane har påstått at det har skjedd. Storskifte må såleis leggast til grunn og er det tvil om kva som då vart fastsett må retten tolke og avgjera dette.

I Storskifte vart grunneigedom retten knytt til skogen, eller beite. Så langt ein kjenner til vart grunneigedom retten ikkje nokon stad etablert som ein tredje verdi i tillegg til skog og beite. Heile tida vart det fastsett at den skulle følgje anten skogen eller beitet. I praksis må dette innebere at der det er skog kan grunneigedom retten vera knytt til skog, eller beite, men der det ikkje er skog må den vera knytt til beite.

Ut frå denne forståing av Storskifte kan ikkje Rydland vinna fram med sin påstand i område der det ikkje er skog, eller rettare der det ikkje var skog i 1911. Der det kan vera grunnlag for diskusjon må etter retten sin oppfatning vera i område som har skog, eller hadde skog i 1911. Nå kan det vera vanskeleg å avgjerda og dokumentera kvar det var skog i 1911 slik at ein her i stor grad må bygge på dagens skogsgrense, eller skogsgrensa frå 1956 som er avlagt på dok. 144 og så skjønne utifrå dette.

Dei områda som i dag har skog og som ein vil tru og hadde skog i 1911, men vel ikkje med same avgrensing som i dag, er Morkavasslia og Barlindedalen.

Når det gjeld Morkavasslia så er det som nemnt ingen tvist. Begge partar meiner at Storskifte her avklarar grunneigedomstilhøva til at Rydland er grunneigar, men det er noko usemje om kor høgt opp Rydland sin eigedom rett kjem.

Tilsvarende semje er det ikkje om Barlindedalen. Det går fram av Storskifte at den var skogvaksen og at det var Rydland sin skog. Ein viser til side 130 i Storskifteprotokollen.

Vidare må ein tolke det slik at Rydland må ha rekna det som deira eigedom. I referatet frå den tidlegare omtala synfaringa i 1910 synest det å gå fram. Der er Rydland skildra til å grense til Barlindeelva og elva ovanfor Barlindevatnet.

Formuleringane i Storskifteprotokollen forstår ein altså slik at dette var Rydland sin skog og vel og skoggrunn fram til 1910-1911, men av ein eller annan grunn vart dette ikkje følgt opp vidare i prosessen som fastsette eigartilhøva i 1911 slik at Barlindedalen vart inkludert i dei områda der skogeigaren vart grunneigar.

Slik ein les påstanden til Rydland på side 130 i Storskifteprotokollen så omfattar den ikkje Barlindedalen. Formuleringane her er vel ikkje heilt eintydige, men jordskifteretten forstår det i alle fall slik at Barlindedalen ikkje inngår i det området som Rydland då påstod seg tilkjent som sin grunneigedom i kraft av at dei var skogeigar. Heller ikkje i slutningane på side 145 i protokollen er Barlindedalen nemnt som eit område der skogeigaren er grunneigar.

Konklusjonen til jordskifteretten vert derfor at Barlindedalen ikkje vart med i det området der skogeigaren vart grunneigar. Som nemnt er det Storskifte som fastsette eigedomstilhøva som gjeld i dag og jordskifteretten kan med bakgrunn i den ikkje sjå at formuleringane der gjev grunnlag til å inkludere Barlindedalen i områda der skogeigaren er grunneigar. Der må derfor den generelle regelen i skiftefeltet frå 1911 gjelde - at beiteeigaren er grunneigar. Med andre ord er Fjellsameiga grunneigar og at Rydland sin rett her er avgrensa til utnytting av skogen – bruksrett til skogen.

Korkje i områda som ikkje er skogvakse, eller i Barlindedalen har Rydland såleis vunne fram med sin påstand. Når det gjeld Morkavasslia vil ein avgrense området som Rydland får eigedomsretten til om lag i samsvar med dagens skogsgrense.

Rydland har elles sett fram krav om avløyning av beiteretten som Fjellsameiga har i Rydlandsskogen, ein viser til dok. 24. På grunn av at kravet låg på sida det som var tema i saka - å fastslå eksisterande rettstilstand - og usikkerheit om beiteretten var bruksrett, eller følgde eigedomsretten har dette kravet ikkje vorte teke stilling til. Heller ikkje var det tema på møtet den 04.07.2008. Nå når utstrekninga på området der beiteretten er bruksrett er avklara kan kravet handsamast og i utgangspunktet må då Rydland og/eller Fjellsameiga krevje avløyningssak for å få dette gjort. Tilsvarende krav er og kome frå Morkens allmenning, men for dei er det vist til at dei må krevja eiga avløyningssak for å få det handsama. Når det derimot gjeld beiteretten i Rydlandsskogen så er den – slik avgjerda i saka nå har vorte – på så avgrensa areal at det etter retten sin oppfatning ikkje betyr noko for Fjellsameiga om den vert avløyst/fjerna. Fjellsameiga vil ha nok beite att sjølv om denne vert fjerna og vil såleis ikkje ha noko tap. På grunn av resurs- /kostnadmessige tilhøve ser ein derfor ikkje noko poeng i at også dette skal måtte handsamast som ei ny eiga sak og jordskifteretten vil avløysa beiteretten i området som Rydland nå er grunneigar i.

Det er frå Rydland sett fram krav om dekking av utgiftene til prosessfullmektig og reglar for handsaming av slike krav er i §81 i jordskiftelova.

Første punkt i denne paragrafen har den ordlyden:

*Vederlag for kostnader til sakkunnig hjelp i tvistar blir avgjort etter reglane i kap. 13 i lov av 13 august 1915 nr. 6 om rettgangsmåten for tvistemål. (tvistemålslova)*

Som det går fram av §81 er det når jordskifteretten handsamar tvistar at jordskifteretten har kompetanse til å idømme sakskostnader og regelen er då at ein skal følgje bestemmelsane i tvistemålslova.

Her i denne saka er det handsama tvistar slik at §81 gjeld og bestemmelsane i tvistemålslova som er aktuelle er §172 og §174. Det er i desse to paragrafane ein har reglane for når nokon kan dømmast til å dekke motpartens sine sakskostnader – utgifter til juridisk hjelp. §172 gjeld når ei sak tapes fullstendig og §174 når ei sak delvis er vunne og delvis tapt. Prinsippet er at når nokon taper ei sak fullstendig skal han og dekke motparten sine sakskostnader, men når ei sak delvis er vunnen og delvis er tapt skal kvar bere sine sakskostnader. Her er det Rydland som har sett fram påstand om dekking av utgiftene og slik utfallet i saka har vorte så har Rydland i det store og heile ikkje vunne fram med sin påstand. Ut frå reglane i tvistemålslova kan dei då ikkje verta tilkjende sakskostnader.

Frå Fjellsameiga er det ikkje sett fram krav om dekking av sakskostnader.

Retten er einig om slike

**slutningar:**

- 1. I den delen av Morkavasslia som ligg i Stord kommune er gnr. 54 bnr. 1, gnr. 54 bnr. 2, gnr. 54 bnr. 3, gnr. 54 bnr. 4 og 8 samt gnr. 54 bnr. 9 – alle i Fitjar kommune – grunn- og skogeigarar opp til raud prikka linje på dok. 144.*
- 2. Rydland sin bruksrett til skogen i Barlindedalen og elles ut over raud prikka linje er uendra av saka.*
- 3. Fjellsameiga sin beiterett vert sletta i områder der Rydland nå er grunneigar i Morkavasslia – opp til raud prikka linje.*
- 4. Kvar av partane må bere sine egne sakskostnader.*

Oppmerking av den fastsette grensa vert utsett til saka er rettskraftig.

Denne avgjerda vil verta forkynt og stå til påanke saman med resten av saka etter at saka er avslutta.

Saka utsett/retten heva.

Rosendal, 16.09.2008

---

Liv Sætre Eik

(sign.)

---

Knut Skiple

(sign.)

---

Siri Teigland

(sign.)

**Rettsmøtedag:** 06.11.2008

**Stad:** Kommunestyresalen i Stord rådhus

**Sak nr.:** 1210-2003-0002 Stord fjellsameige, utsett frå 16.09.2008

**Saka gjeld:** Grensegang/rettsutgreiing

**Rettsleiar:** Jordskiftedommar Knut Skiple

**Meddommarar:** Liv Sætre Eik, 5470 Rosendal  
Siri Teigland, 5472 Seimsfoss

**Protokollfører:** Avd. ing. Sigurd Huglen

**Saka er kravd av:** Stord fjellsameige

**Til handsaming:** Handsaming av andelane til kvart bruk i sameiga.

**Til stades:** Odd Hetlesæter, Johannes Njøsén, Per Lundemannsverk, Åsa og Per Rygg for seg og med fullmakt frå Per Harald Lunde, Holger Andreas Gravdal med fullmakt frå Sissel Kristine Gravdal, Magne Grøsvik, Vigdis Vatne, Svanhild Stuve, Tørres Bjelland, Inge Johan Bjelland, Ole Landa, Tor Langeland for seg og med fullmakt frå Anne-Sofie Tysdal, Anders Valvatne og Lars Almås

På førespurnad var det ingen merknad til samansetjinga av retten.

Desse dokumenta vart framlagde:

145. Innkalling til rettsmøte den 6. nov., datert 01.10.2008.
146. E-post m/svar til Åsa og Per Rygg, datert 06.10.2008.
147. E-post m/vedlegg frå Bjarne Husum vedk. gnr. 42 bnr. 1 og 4, datert 26.10.2008.  
Svar 27.10.2008
148. Skriv m/fråsegn frå Åsa og Per Rygg, datert 20.10.2008.
149. Skriv frå Ole Gjermund Digernes vedk. gnr. 52 bnr. 1 og 8, datert 03.11.2008.
150. Skriv frå Magnhild Nygård Scarborough, datert 26. oktober 2008.
151. Fullmakt til Sjur Haugland vedk. gnr. 19 bnr. 2, datert 28.09.2008
152. Skøyte for gnr. 36 bnr. 2, datert 15.12.1938.
153. Skriv frå Per Lundemannsverk, datert 04.10.2008.
154. Skyldskifte for gnr. 36 bnr. 2 frå 1936.
155. Skriv m/vedlegg til Åsa og Per Rygg, datert 23.10.2008.
156. Fullmakt til Åsa Rygg frå Per Harald lunde, datert 23.10.2008.
157. Fullmakt til Holger Andreas Gravdal frå Sissel Gravdal for møte 06.11.2008.
158. Fullmakt til Tor Langeland frå Anne-Sofie Tysdal.
159. Skylddelingsforretning for gnr. 28 bnr. 8.

Førebels utrekna andelar til kvart bruk var utsendt til partane saman med innkallinga og

rettsformannen påpeika ei feil i dette når det gjaldt tilhøvet mellom gnr. 42 bnr. 1 og 4. Dette var no retta opp.

Magne Grøsvik tok opp at det var ein liten differanse når det gjaldt hans bruk, gnr. 28 bnr. 8.

Svanhild Stuve spurde kor små bruka kunne verta utan å mista andelen i sameiga.

Per Lundemannsverk spurde om andelen som var overført frå gnr. 22 (22/3) til gnr. 17 var tillagt gardsandelen til gnr. 17. Vidare om gnr. 22 bnr. 3 hadde hatt fjellrettar.

Ved gjennomgang av andelane til dei gardane/bruka som var representerte på møtet stadfesta alle at andelane var rette så langt dei kjende til.

Asa Rygg tok opp at dei ikkje var nøgde med den oppmerkte grensa mot Fjellsameiga og viste til sine innleverte skriv.

Per Lundemannsverk var av same meining.

Rettsformannen spurde om synspunkt på å tildela området der Fjellsameiga er grunneigar ein eigen identifikasjon ( gnr/bnr) og fleire støtta dette.

På grunn av det hadde oppstått diskusjon om den oppmerkte grensa vart det bestemt at det skal sendast ut kart med dei nymerkte punkta. Dei som meiner dei ikkje kan godta desse for sin eigedom skal returnera kartet med sin påstand innan fastsett frist.

Retten vil så etter dette vurderer om ein må ha eit nytt møte for å avgjerda ev. tvistar.

Saka utsett/retten heva.

Stord, 06.11.2008

---

Liv Sætre Eik

(sign.)

---

Knut Skiple

(sign.)

---

Siri Teigland

(sign.)

**Rettsmøtedag:** 15.12.2008

**Stad:** Kvinnherad rådhus

**Sak nr.:** 1210-2003-0002 Stord fjellsameige, utsett frå 6.11.2008

**Saka gjeld:** Grensegang/rettsutgreiing

**Rettsleiar:** Jordskiftedommar Knut Skiple

**Meddommarar:** Liv Sætre Eik, 5470 Rosendal  
Siri Teigland, 5472 Seimsfoss

**Protokollførar:** Avd. ing. Sigurd Huglen

**Saka er kravd av:** Stord fjellsameige

**Til handsaming:** Handsaming av tvist om grenser/avslutting av saka.

**Til stades:** Partane var ikkje innkalla.

Desse dokumenta vart framlagde:

160. Skriv m/vedlegg til partane, datert 11.11.2008.
161. Skriv frå Per Lundemannsverk, datert 24.11.2008.
162. Skriv frå Åsa og Per Rygg, Per Harald Lunde, datert 24.11.2008.
163. Skriv til Stord fjellsameige v/Johannes Njøsén, datert 27.11.2008.
164. E-post frå Johannes Njøsén vedk. grensefastsettinga, datert 7. og 10. des. 2008.
165. Sakskart vedk. tvist om grensa i Litla Steingilsheddo-området.
166. Sakskart i m 1 : 20000, 3 blad i A3 format.
167. Sakskart i m 1 : 10000, 2 blad i A1 format + delkopi i A3 format.

## **1. Andelar i Fjellsameiga.**

### **Korleis andelane (prosentane) til kvar gard og bruk er fastsett.**

Prosenten til gardane er rekna ut frå antall smale (beitedyr-får) kvar gard fekk tildelt i Storskifte som vart avslutta i 1911. Dette i høve til totalt antall smale som vart fordelt. Antall smale som kvar gard fekk samsvara i utgangspunktet med smørskylda til kvar gard, omrekna til merker, men det vart gjort visse korreksjonar til dette. Smørskyld, smale og korrigererte smale står på side 105 og 106 i Storskifteprotokollen. Vidare er ein korreksjonen for Presthaug, Haugland og Solhaug teke inn på side 110 i Storskifteprotokollen. Korreksjonen føregjekk på den måten at smale vart teke frå nokre gardar og lagt til andre. Når det gjeld grunnen til korreksjonane viser ein til Storskifte.

I Storskifte vart det fordelt 7182 smale, noko som då samsvara med den totale summen av skylda i merker til dei involverte gardane i Storskifte. Eitt beitedyr samsvarar med ei mark i skyld. Etter den tid er 40 smale gått frå på Økland nedre i jordskifte som vart avslutta i 1994, sak 38/1980.

Totalt antall smale er såleis 7142 som då er 100%. Ein prosent utgjer 71,42 smale.

Når det gjeld fordelinga mellom bruka innan kvar gard er det gjort i samsvar med smørskylda når bruka som er så gamle at dei har smørskyld, eldre enn 1838.

For bruk som er etablert etter den tid er delingsforholdet av skylda då bruket vart etablert i dei fleste tilfelle nytta, men der det nye bruket er oppgjeve til ein viss andel av bruket før deling er dette forholdet nytta. Delingsforholdet vil sei kor mykje skyld det nye bruket fekk av bruket det er utskilt frå i høve til det som er att. Dette skal elles samsvara med delingsforholdet av skylda.

I nokre få tilfelle er tal på beitedyr nytta.

Utrekning av andeler har vore sendt til partane og det er ikkje registrert tvist om andelane. Dei er derfor fastsett med rettsfastsetjande vedtak i samsvar med reglane i §17a i jordskiftelova.

---

**Gnr. 4 - Mehammer, 78 smale = 1,092 %****Vedtak:**

**Fem** bruk som har andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 3, 4 og 5.

I flg. matrikkelen frå 1838 var det då to like bruk, kvart med smørskyld på 39 merker. Dette er bnr. 1 og 3 i dag.

Bnr. 1 vart delt i to like partar i 1868, til bnr. 1 og 2.

Bnr. 4 vart utskilt frå bnr. 3 i 1904 og vart sett til  $\frac{1}{4}$  part av bruket før deling. Det er ikkje nemnt fjellbeite i skylddelinga for dette bruket og det vart heller ikkje pålagt kostnader i Storskifte. Det har derfor vorte sett spørsmålsteikn ved om bruket har andel i Fjellsameiga. Det er korkje bekrefta, eller avkrefta av partane frå Mehammer. Bruket var med i den førebels lista som vart utsendt som vedlegg til dok. 145 og på bakgrunn av at det ikkje er reist innvendingar mot det som var oppført der vert bruket teke med.

Bnr. 5 vart utskilt frå bnr. 1, 2 og 3 i 1907 og fekk  $\frac{1}{8}$  part av bnr. 1 og 2 og  $\frac{3}{17}$  partar av bnr. 3.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er fleire bruk enn desse fem som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
4	1	0,239	4	2	0,239	4	3	0,337	4	4	0,137
4	5	0,140									

---

**Gnr. 5 - Børtveit, 180 smale = 2,520 %****Vedtak:**

**To** bruk har andel i Fjellsameiga, bnr. 1 og 2.

I flg. matrikkelen frå 1838 var det då eit udelt bruk og eit der det var delt frå eit lite bruk. Summen av bruket som var delt og det frådelt var like stort som det udelte.

I matrikkelen i 1890 er det delte og det frådelt slått saman att, slik at det då som i dag var to like bruk.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er fleire bruk enn desse to bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.
5	1	1,260	5	2	1,260					

---

**Gnr. 6 - Agdestein, 156 smale = 2,184 %****Vedtak:**

**Fire** bruk har andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 3 og 4.

Matrikkelen frå 1838 opplyser at det då var to like bruk, kvart med 78 merker skyld. Dette er bnr. 1 og 2 i dag.

Bnr. 2 vart delt i to like bruk i 1851, til bnr. 2 og 3.

Bnr. 4 er utskilt frå bnr. 1 med andel på  $\frac{27}{127}$  partar av skylda.

At det er desse fire bruka som har partar i Fjellsameiga er elles stadfesta av partane frå Agdestein.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er fleire enn desse fire bruka som har andel i Fjellsameiga

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
6	1	0,860	6	2	0,546	6	3	0,546	6	4	0,232

---

**Gnr. 7 - Hetlesåter, 96 smale = 1,344 %**

**Vedtak:**

**Eitt** bruk som har andel i Fjellsameiga, bnr. 1.

I flg. matrikkelen frå 1838 var det då og berre eitt bruk og det er ikkje påstått eller konstatert at det er utskilt bruk etter den tid som har fått andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelen er slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
7	1	1,344									

---

**Gnr. 8 - Borrevik, 12 smale = 0,168 %**

**Vedtak:**

**Eitt** bruk som har andel i Fjellsameiga, bnr. 1.

I flg. matrikkelen frå 1838 var det då og berre eitt bruk og det er ikkje påstått eller konstatert at det er utskilt bruk etter den tid som har fått andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelen er slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
8	1	0,168									

---

**Gnr. 9 - Grov, 180 smale = 2,520 %**

**Vedtak:**

**Sju** bruk har andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 3, 4, 6, 7 og 8.

I flg. matrikkelen frå 1838 var det då fire bruk:

Løpenummer 28a.

Løpenummer 28b, løpenummer 28a og 28b hadde samla 90 merker smørskyld og er bnr. 1 i dag.

Løpenummer 29 med 45 merker smørskyld, er bnr. 2 i dag.

Løpenummer 30 med 45 merker smørskyld, er bnr. 4 i dag.

Bnr. 3 er utskilt frå bnr. 2 og har fått 91/245 partar av skylda.

Bnr. 5 er utskilt frå bnr. 4 og har fått 31/245 partar av skyld, men vart samanføya med bnr. 6 i 2004.

Bnr. 6 utskilt frå bnr. 3 i 1885 og vart sett til 1/5 part av bruket før deling.

Bnr. 7 og 8 utskilt frå bnr. 1 i 1897 og kvart fekk 73.5/304 partar av skylda.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er fleire enn desse sju bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
9	1	0,651	9	2	0,396	9	3	0,187	9	4	0,550
9	6	0,127	9	7	0,305	9	8	0,305			

**Gnr. 10 - Førland, 72 smale = 1,008 %**

**Vedtak:**

To bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1 og 3.

Dette er to like bruk.

Bnr. 2 vart utskilt frå bnr. 1 i 1868, men samanføya att med bnr. 1.

Det er ikkje påstått eller konstatert at det er andre enn desse to bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
10	1	0,504	10	3	0,504						

**Gnr. 11 - Eskeland, øvre, 84 smale = 1,176 %**

**Vedtak:**

To bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1 og 2.

Dette er to like bruk.

Bnr. 1 eksisterte ved matrikuleringa i 1838 og bnr. 2 vart etablert ved ei todeling av bnr. 1 i 1868.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn desse to bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
11	1	0,588	11	2	0,588						

**Gnr. 12 - Eskeland, nedre, 144 smale = 2,016 %**

**Vedtak:**

To bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1 og 2.

Dette er to like bruk.

Det er ikkje påstått eller konstatert at det er andre enn desse to bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
12	1	1,008	12	2	1,008						

**Gnr. 13 - Solhaug, 64 smale = 0,896 %**

**Vedtak:**

To bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1 og 2.

Dette er to like bruk.

Det er ikkje påstått eller konstatert at det er andre enn desse to bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
13	1	0,448	13	2	0,448						

**Gnr. 14 - Presthaug, 30 smale = 0,420 %**

**Vedtak:**

**Fire** bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 3 og 4.

Dette er fire like bruk.

Det var to like bruk i 1838 i flg. matrikkelen, bnr. 1 og bnr. 3 i dag.

Bnr. 1 vart delt i to like bruk i 1855, til bnr. 1 og 2 og bnr. 3 tilsvarende til bnr. 3 og 4.

Det er ikkje påstått eller konstatert at det er andre enn desse fire bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
14	1	0,105	14	2	0,105	14	3	0,105	14	4	0,105

**Gnr. 15 - Haugland, 128 smale = 1,792 %**

**Vedtak:**

**Seks** bruk har andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 3, 4, 5 og 6.

I flg. matrikkelen frå 1838 var det då fire bruk.

Løpenummer 38a med 6,75 merker i smørskyld, bnr. 1 i dag.

Løpenummer 38b med 47,25 merker i smørskyld, bnr. 2 og 3 i dag.

Løpenummer 39a med 13,5 merker i smørskyld, bnr. 4 og 5 i dag.

Løpenummer 39b med 40,5 merker smørskyld, bnr. 6 i dag.

Bnr. 3 vart utskilt i 1878 frå bnr. 2 og fekk 117/257 partar av skylda.

Bnr. 5 vart utskilt frå bnr. 4 og fekk 16/73 partar av skylda.

Vidare vart bnr. 7 utskilt frå bnr. 6 og fekk 1/9 part av bruket før deling, men dette vart samanføya med bnr. 4 i 1922.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse seks bruka har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
15	1	0,112	15	2	0,427	15	3	0,357	15	4	0,250
15	5	0,049	15	6	0,597						

**Gnr. 16 - Tveita,nordre, 108 smale = 1,512 %**

**Vedtak:**

**Tre** bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2 og 8.

Det var to like bruk i 1838 i flg. matrikkelen. Dette er bnr. 1 og bnr. 2 i dag.

Bnr. 8 vart utskilt frå bnr. 2 1947 og vart sett til 1,8/4 partar av bruket før deling.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse tre bruka har andel i Fjellsameiga.

#### Slutning:

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
16	1	0,756	16	2	0,416	16	8	0,340			

**Gnr. 17 - Lundemannsverk, 180 smale + 19 smale frå gnr. 22(22/3) = 199 smale = 2,786 %**

#### Vedtak:

**Fire** bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 3 og 4.

Det var to like bruk i 1838 i flg. matrikkelen, bnr. 1 og bnr. 3 i dag, kvart med 90 merker i smørskyld.

Bnr. 2 vart utskilt frå bnr. 1 i 1849 og fekk 84/490 partar av skylda.

Bnr. 3 vart delt i to like delar til bnr. 3 og bnr. 4

Vidare er gnr. 22 bnr. 3 samanføya med bnr. 4 som såleis har fått eit tillegg på 0,266 %, eller omrekna til smale, 19 stk.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse fire bruka har andel i Fjellsameiga.

#### Slutning:

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
17	1	1,044	17	2	0,216	17	3	0,630	17	4	0,896

**Gnr. 18 - Lunde, 180 smale = 2,520 %**

#### Vedtak:

**Fire** bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 3 og 4.

I flg. matrikkelen frå 1838 eksisterte bruka alt då.

Løpenummer 51 med 45 merker i smørskyld, er bnr. 1 i dag.

Løpenummer 52 med 54 merker i smørskyld, er bnr. 2 i dag.

Løpenummer 53 med 45 merker i smørskyld, er bnr. 3 i dag.

Løpenummer 54 med 36 merker i smørskyld, er bnr. 4 i dag.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse fire bruka har andel i Fjellsameiga.

#### Slutning:

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
18	1	0,630	18	2	0,756	18	3	0,630	18	4	0,504

**Gnr. 19 - Kyvik, 252 smale = 3,529 %**

#### Vedtak:

**Seks** bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 4, 5, 6 og 7.

Det var fire bruk i 1838 i flg. matrikkelen.

Løpenummer 40 med 63 merker i smørskyld.

Løpenummer 41a med 47,25 merker i smørskyld, bnr. 7 i dag.  
 Løpenummer 41b med 78,75 merker i smørskyld.  
 Løpenummer 42 med 63 merker i smørskyld, bnr. 4 i dag.

Løpenummer 40 og 41b, med samla smørskyld på 141,75 merker, vart seinare oppdelt til bnr. 1, bnr. 2, bnr. 3, bnr. 5 og bnr. 6. For å fastlegge forholdet mellom dei har ein nytta dalar/ort/shillingskylda i matrikkelen frå 1890.

Utrekninga vert då slik:

Bnr. 1 fekk slik  $141,75 * 212/833 = 36,075$  i utrekna smørskyld.  
 Bnr. 2 fekk slik  $141,75 * 226/833 = 38,458$  i utrekna smørskyld.  
 Bnr. 3 fekk slik  $141,75 * 18/833 = 3,064$  i utrekna smørskyld.  
 Bnr. 5 fekk slik  $141,75 * 220/833 = 37,437$  i utrekna smørskyld.  
 Bnr. 6 fekk slik  $141,75 * 157/833 = 26,716$  i utrekna smørskyld.

Bnr. 3 er etter dette samanføya med bnr. 4.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse seks bruka har andel i Fjellsameiga.

#### Slutning:

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
19	1	0,505	19	2	0,539	19	4	0,925	19	5	0,524
19	6	0,374	19	7	0,662						

#### Gnr. 20 - Rommetveit, nedre, 228 smale = 3,192 %

##### Vedtak:

Fem bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 3, 4 og 15.  
 Det var fire like bruk i flg. matrikkelen i 1838, bnr. 1, 2, 3 og 4 i dag.  
 Kvart med 57 merker i smørskyld.  
 Bnr. 15 er utskilt frå bnr. 4 og har fått 170/306 partar av skylda.  
 Det er ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse fem bruka har andel i Fjellsameiga.

#### Slutning:

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
20	1	0,798	20	2	0,798	20	3	0,798	20	4	0,355
20	15	0,443									

#### Gnr. 21 - Rommetveit, øvre, 216 smale = 3,025 %

##### Vedtak:

Tre bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 3 og 5.  
 Det var fire like bruk i flg. matrikkelen i 1838, bnr. 1, 2, 3 og 5 i dag.  
 Kvart med 54 merker i smørskyld.  
 Bnr. 2 er etter den tid samanføya med bnr. 1 slik at dette har dobbel størrelse.  
 Det er ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse tre bruka har andel i Fjellsameiga.

#### Slutning:

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
21	1	1,513	21	3	0,756	21	5	0,756			

**Gnr. 22 - Tyse, 216 smale - 19 smale = 197 smale = 2,759 %**  
(19 smale, eller 0,266% er gått over til gnr. 17)

**Vedtak:**

To bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1 og 2.

Bnr. 1 er eit gamalt bruk.

Bnr. 2 vart utskilt frå bnr. 1 i 1883.

Bnr. 3 vart utskilt frå bnr. 1 i 1894, men seinare samanføya med gnr. 17

bnr. 4 og dermed er andelen til Tyse redusert med 19 smale, eller 0,266%.

Tilsvarende auke er det for gnr. 17, Lundemannsverk.

Eit lite bruk til, bnr. 4, vart utskilt i 1930, men om dette er det ikkje påstått andel i sameiga.

Det er såleis ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse to bruka har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
22	1	2,382	22	2	0,377						

**Gnr. 23 - Økland, nedre, 216 smale - 40  
smale (jsk.sak.38/1980) = 176 smale = 2,464 %**

**Vedtak:**

Fire bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 3, 4 og 5.

Det var også desse fire bruka i 1838 i flg. matrikkelen. Dei var like og kvart hadde 54 merker i smørskyld.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse fire bruka har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
23	1	0,616	23	3	0,616	23	4	0,616	23	5	0,616

**Gnr. 24 - Haga, 228 smale = 3,193 %**

**Vedtak:**

Fem bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 3, 4 og 5.

Det var fire bruk i 1838 i flg. matrikkelen.

Løpenummer 65 med 85,5 merker i smørskyld, er bnr. 1 i dag.

Løpenummer 66 med 57 merker i smørskyld, er bnr. 3 i dag.

Løpenummer 67 med 28,5 merker i smørskyld, er bnr. 4 i dag

Løpenummer 68 med 57 merker i smørskyld, er bnr. 5 i dag.

Bnr. 2 er utskilt frå bnr. 1 og fekk 49/294 partar av skylda.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse fem bruka har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
24	1	0,998	24	2	0,200	24	3	0,798	24	4	0,399
24	5	0,798									

**Gnr. 25 - Sæverhagen, 72 smale = 1,008 %****Vedtak:**

To bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1 og 2.

Det var eitt bruk med 72 merker i smørskyld i 1838 i flg. matrikkelen.

Dette er etter den tid delt i to, til bnr. 1 og bnr. 2 i dag.

Ved denne delinga fekk bnr. 1 221/392 partar av skylda og bnr. 2 171/392 partar.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn desse to bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
25	1	0,568	25	2	0,440						

**Gnr. 26 - Hystad, 360 smale = 5,041%****Vedtak:**

Ti bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9 og 10. Det var åtte like bruk i flg. matrikkelen i 1838, kvart med 45 merker i smørskyld. Dette var dåverande løpenummer 70, 71, 72, 73, 74, 75, 76 og 77.

Bnr. 1 og bnr. 2 i dag er det som tidlegare var løpenummer 70 og 71. Ved delinga mellom bnr. 1 og 2 fekk bnr. 1 367/490 partar og bnr. 123/490 partar av skylda.

Bnr. 3 i dag er det tidlegare løpenummer 72.

Bnr. 4 i dag er det tidlegare løpenummer 73.

Tidlegare løpenummer 74 er delt til bnr. 5 og 6 i dag.

Delingsforholdet var slik at bnr. 5 fekk 209/245 partar og bnr. 6 fekk 36/245 partar av skylda.

Tidlegare løpenummer 75, 76 og 77 er oppdelt til bnr. 7, 8, 9 og 10.

Delingsforhold:

Bnr. 7, 233/711 partar av skylda.

Bnr. 8, 205/711 partar av skylda

Bnr. 9, 40/711 partar av skylda.

Bnr. 10, 233/711 partar av skylda.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn desse ti bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
26	1	0,944	26	2	0,316	26	3	0,630	26	4	0,630
26	5	0,538	26	6	0,093	26	7	0,619	26	8	0,545
26	9	0,106	26	10	0,619						

**Gnr. 27 - Orningård, 192 smale = 2,688 %**

**Vedtak:**

Sju bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 4, 5, 10, 11, 13 og 15.

I flg. matrikkelen frå 1838 var det då berre eitt bruk med 192 merker i smørskyld.

Dette bruket er oppdelt slik i flg. matrikkelen frå 1890.

Bnr. 1 fekk 373/840 partar av skylda.

Bnr. 4 fekk 180/840 partar av skylda.

Bnr. 5 fekk 9/840 partar av skylda.

Bnr. 10 fekk 28/840 partar av skylda.

Bnr. 11 fekk 156/840 partar av skylda.

Bnr. 13 fekk 65/840 partar av skylda.

Bnr. 15 fekk 29/840 partar av skylda.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse sju bruka har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
27	1	1,194	27	4	0,575	27	5	0,029	27	10	0,090
27	11	0,499	27	13	0,208	27	15	0,093			

**Gnr. 28 - Ådland, 216 smale = 3,025 %**

**Vedtak:**

Sju bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 7 og 8.

Det var fire bruk i flg. matrikkelen i 1838.

Løpenummer 79a med 54 merker i smørskyld. Oppdelt seinare til bnr. 1 med 240/245 partar av skylda og bnr. 2 med 5/245 partar.

Løpenummer 79b med 54 merker i smørskyld, er bnr. 3 i dag.

Løpenummer 80 med 72 merker i smørskyld. Oppdelt seinare til to like bruk, bnr. 4 og 5 i dag.

Løpenummer 81 med 36 merker i smørskyld. Oppdelt seinare til bnr. 6 med 112/196 partar av skylda og bnr. 7 med 84/196 partar. Bnr. 6 er samanføya med bnr. 4 og såleis utgått.

Bnr. 8 vart utskilt frå bnr. 1 i 1889 og fekk 42/296 partar av skylda.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse sju bruka har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
28	1	0,635	28	2	0,015	28	3	0,756	28	4	0,798
28	5	0,472	28	7	0,243	28	8	0,106			

**Gnr. 29 - Vatna, 216 smale = 3,025 %**

**Vedtak:**

Fire bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 4 og 5.

Dette var og fire bruk i 1838 i flg. matrikkelen.  
Løpenummer 82 og 83 med samla 108 merker, seinare oppdelt til to like bruk, bnr. 1 og 2 i dag.

Løpenummer 84 med 54 merker i smørskyld, er bnr. 4 i dag.

Løpenummer 85 og 86 med samla 54 merker i smørskyld, er bnr. 5.

Bnr. 5 vart delt i to like partar til bnr. 5 og 31 i 2000.

Bnr. 31 etter dette samanføya med bnr. 2, i 2003.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at andre enn desse fire bruka har andel i Fjellsameiga.

#### Slutning:

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
29	1	0,756	29	2	1,134	29	4	0,756	29	5	0,379

**Gnr. 30 - Økland, øvre, 168 smale - 90 smale = 78 smale = 1,092 %**

#### Vedtak:

Tre bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2 og 3.

Det var og tre bruk i 1838 i flg. matrikkelen.

Løpenummer 87a med 42 merker i smørskyld.

Løpenummer 87b med 42 merker i smørskyld.

Løpenummer 88 med 84 merker i smørskyld.

Løpenummer 87a og 87b er i dag bnr. 1

Bnr. 2 er halve løpenummer 88 og bnr. 3 den andre halvparten.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn desse tre bruka som har andel i Fjellsameiga.

#### Slutning:

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
30	1	0,546	30	2	0,273	30	3	0,273			

**Gnr. 31 - Isdal, 24 smale = 0,336 %**

#### Vedtak:

To bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1 og 2.

Desse to bruka er oppdelt slik at bnr. 1 har fått 120/196 partar av skylda og bnr. 2 76/196 partar.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn desse to bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Retting:** Ved stadfesting av 06.04.09 er eigarane av bnr. 1 og bnr. 11 samde om at desse to bruka har lik andel i sameiga. 28.04.2009 TF

#### Slutning:

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
31	1	0,103*	31	2	0,130	31	11	0,103*			

\* = retta 28.04.2009 etter avtale med partane. TF

**Gnr. 32 - Dale, 30 smale = 0,421 %**

**Vedtak:**

To bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1 og 4.

I 1838 var det fire like bruk, løpenummer 132a, 132b, 133 og 134. Kvart med 24 merker smørskyld.

Bnr. 1 i dag er dei tidlegare løpenummer 132a og 132b.

Bnr. 4 er dei tidlegare løpenummer 133 og 134.

Bnr. 15 vart utskilt frå bnr. 1 i 1933 og har og vore inne i bilete, men ein kan ikkje sjå utifrå skylddelinga at bruket fekk fjellbeite. I tilfelle det likevel skulle vera tilfelle vert bruket sin part så liten(0,005%) at den må vera utan interesse.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn desse to bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
32	1	0,210	32	4	0,211						

**Gnr. 33 - Litlabø, øvre, 96 smale = 1,344 %****Vedtak:**

To bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1 og 3.

Bnr. 3 er utskilt frå bnr. 1 i 1892 og vart sett til 1/18 part av bruket før deling.

I tillegg vart og bnr. 2 utskilt frå bnr. 1 i 1892, men for dette bruket er det ikkje påstått andel i sameiga.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn desse to bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Tabell over bruk med andelar vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
33	1	1,269	33	3	0,075						

**Gnr. 34 - Litlabø, nedre, 80 smale = 1,120 %****Vedtak:**

Fire bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2, 3 og 4.

Det var eitt bruk med 90 merker i smørskyld i 1838 i flg. matrikkelen.

Dette var oppdelt til tre bruk i flg. matrikkelen frå 1890. Bruka hadde då dette skyldforholdet:

Bnr. 1 med 253/516 partar av skylda.

Bnr. 2 med 5/516 partar av skylda.

Bnr. 3 med 258/516 partar av skylda.

Vidare vart bnr. 4 utskilt frå bnr. 1 i 1905 og vart sett til 2/5 partar av bruket før deling.

Bnr. 10, som vart utskilt frå bnr. 4 i 1936, har og vore inne i bilete, men etter avtale med Tørris Litlabø, som eig både bnr. 4 og bnr. 10, skal rettane i sameiga ligge til bnr. 4.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn desse fire bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %

34	1	0,329	34	2	0,011	34	3	0,560	34	4	0,220
----	---	-------	----	---	-------	----	---	-------	----	---	-------

**Gnr. 35 - Kanneteig, 84 smale = 1,176 %**

**Vedtak:**

Tre bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2 og 3.  
 Det var eitt bruk med 84 merker i smørskyld i 1838 i flg. matrikkelen.  
 Dette var oppdelt til tre bruk i 1890 i flg. matrikkelen frå 1890. Bruka hadde då dette skyldforholdet:  
 Bnr. 1 med 246/473 partar av skylda.  
 Bnr. 2 med 141/473 partar av skylda.  
 Bnr. 3 med 86/473 partar av skylda.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn desse tre bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
35	1	0,611	35	2	0,351	35	3	0,214			

**Gnr. 36 - Stuve, 74 smale = 1,036 %**

**Vedtak:**

To bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1 og 2.  
 Her er bnr. 1 eit gammalt bruk med smørskyld på 84 merker i flg. matrikkelen frå 1838.  
 Bnr. 2 vart utskilt frå bnr. 1 i 1936 og fekk 220/597 partar av skylda.  
 Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn desse to bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
36	1	0,654	36	2	0,382						

**Gnr. 37 - Lønning, 90 smale = 1,260 %**

**Vedtak:**

To bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1 og 3.  
 Her er bnr. 1 eit gammalt bruk med smørskyld 96 merker.  
 Bnr. 3 vart utskilt frå bnr. 1 i 1914 ved ei todeling til to like bruk.  
 Det er ikkje påstått eller konstatert at det er andre enn desse to bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelane vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
37	1	0,630	37	3	0,630						

**Gnr. 38 - Leirvik, 12 smale = 0,168 %**

**Vedtak:**

**Eitt** bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn dette bruket som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Andelen vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
38	1	0,168									

**Gnr. 39 - Bjelland, nordre, 192 smale = 2,688 %**

**Vedtak:**

**Fem** bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 3, 4, 5 og 34.

I 1838 var det to bruk i flg. matrikkelen.

Løpenummer 101a med 64 merker i smørskyld, er bnr. 1 i dag

Løpenummer 101b og 102 med 128 merker i smørskyld, er bnr. 3 i dag.

Vidare er bnr. 4 utskilt frå bnr. 1 i 1890 og vart sett til 1/16 part av bruket før deling.

Bnr. 5 utskilt frå bnr. 1 i 1898 og vart sett til 1/14 part av bruket før deling.

Bnr. 34 utskilt frå bnr. 1 i 1928 og vart sett til 1/2 part av bruket før deling.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn desse fem bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Tabell over bruk med andelar vert slik:

Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %	Gnr.	Bnr.	Andel %
39	1	0,390	39	3	1,792	39	4	0,056	39	5	0,060
39	34	0,390									

**Gnr. 40 - Bjelland, søndre, 180 smale = 2,520 %**

**Vedtak:**

**Tre** bruk med andel i Fjellsameiga, bnr. 1, 2 og 3.

Dette er tre gamle bruk som eksisterte alt i 1838 i flg. matrikkelen.

Forholdet mellom smørskylda til desse var slik:

Bnr. 1 med 90 merker.

Bnr. 2 med 64,167 merker.

Bnr. 3 med 25,833 merker.

Det er ikkje påstått, eller konstatert at det er andre enn desse tre bruka som har andel i Fjellsameiga.

**Slutning:**

Tabell over bruk med andelar vert slik:

